



Notat

Dato: 05.01.2016
Arkivsak: 2015/11453-13
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Endring i representasjon i Nasjonalt fagskoleråd og fristilling som rådgjevande organ for Forum for fylkesutdanningssjefar (FFU)

FFU har i møte 03.11.2015 handsama sak om korleis FFU skal arbeide med fagskulespørsmål og vere representert i fagskulesaker. Vedlagt ligg brev frå FFU som mellom anna syner at *Rådet for offentlege fagskoler* (RFF) vert fristilt frå FFU.

RFF er eit koordinerande organ for fylkeskommunale og andre offentlege fagskular. RFF har årlege årsmøte for leiinga ved dei offentlege fagskulane. Styret ved RFF vert valt ved årsmøta og kvar fagskule har éin stemme. Fagskolane i Hordaland er medlem og betalar til saman eit kontingent på om lag kroner 100 000,- (kontingenten er rekna ut i frå studenttalet ved fagskulane). RFF arrangerer også styreseminar for fagskulestyra, og i februar 2016 skal det vere eit seminar i Bergen for sør-vest. For meir informasjon om RFF sjå her: <http://fagskolen.info/index.php?pageID=123&page=RFF> . For meir informasjon om styre og råd for fagskulesektoren sjå melding RS 13/2014 i fagskulestyremøte 11.09.2014.

FFU oppmodar styra for dei fylkeskommunale fagskulane om å gjere ei sjølvstendig vurdering i høve til vidare medlemskap i RFF. Bakgrunnen for vedtaket er at FFU meiner det er naturleg at RFF er eit rådgjevande og koordinerande organ for fagskulane og styra for fagskulane. Fylkeskommunane har forvaltningsansvar for fagskulesektoren og det er derfor meir naturleg at FFU er representert i Nasjonalt fagskoleråd som er oppretta av Kunnskapsdepartementet.

FFU har også bestemt at det skal etablerast ei nasjonal faggruppe for forvaltning av fagskulesaker for dei 19 fylkeskommunane.